

Eg ser

Eg ser at du e trøtt
men eg kan ikkje gå alle skrittå for deg
Du må gå de sjølv,
men eg vil gå de med deg.

Eg ser du har det vondt,
Men eg kan ikkje grina alle
tårene for deg
Du må grina de sjølv,
men eg vil grina med deg.

Eg ser du vil gi opp
men eg kan ikkje leva livet for deg
Du må leva det sjølv,
men eg vil leva med deg.

Eg ser at du e redd
Men eg kan ikkje gå i døden for deg
Du må smaka han sjølv,
men eg gjer død te liv for deg
Eg har gjort død te liv
for deg.

(Song av Bjørn Eidsvåg)

Støttegruppe – ein hjelp i sorga



Til deg i 4. - 7. klasse,
som har mista foreldre
eller sysken i dødsfall



Kva er sorg og sorgstøttegruppe?

Det er heilt naturleg å bli lei seg når nokon ein er glad i døyr. Sorg er ingen sjukdom, men det kan gjere forferdeleg vondt. Sorga kan nokre gongar få deg til å tenkje, føle eller å gjere ting som kan være vanskeleg å forstå.

Då kan det ofte hjelpe å treffe andre som også har opplevd å mista nokon dei er glade i.

Ei sorgstøttegruppe er ei samtalegruppe der alle i gruppa er omrent like gamle, og alle har opplevd å miste anten foreldre eller sysken i dødsfall.

Her kan du få snakke om tankane og følelsane dine, og alle bestemmer sjølve kva han/ho vil dele og fortelje.

Det er viktig at me respekterer kvarandre i gruppa, og at me har lov til å vere både glade og leie oss saman.

Gruppene er livssynsopne, dvs. at dei er opne for alle uansett kva livssyn og tilknyting til kyrkjesamfunn du har.



Påmelding



Viss du vil melde deg på, så kan du snakke med nokon vaksne som du kjenner. Dei kan hjelpa deg til anten å ta kontakt med diakonen i din lokale kyrkjelyd eller direkte med diakon i Bryne: Marit Høie Hetland, marit@timekyrkja.no tlf. 911 63 039



Om gruppa:

- Gruppa startar opp når det er minst 6 stk. påmeldte.
- Gruppa møtes 8 gonger, med ca. 2 veker mellom kvar gong.
- Gruppa blir på måndagar, kl. 12:00-14:00. Viss dette er i skuletida, så avtalar me med skulen at du treng å få fri for å kome. Datoane kjem når kvar enkelt gruppe er klare til oppstart.
- Gruppa er for deg som går i 4.-7. klasse, og som har mista ein forelder eller sysken.
- Me eter alltid eit måltid mat saman.
- Me kjem til å leike saman, ha hobbyaktivitetar og snakke med kvarandre i gruppa.
- Alle i gruppa har ein i familien sin som er død, så her vil du få høve til å treffe andre som er i ein liknande situasjon som deg.
- Gruppa er gratis.
- Me har alltid ein bli-kjent-samtale saman med deg og ein forelder/føresett før gruppa startar, slik at me får bli litt kjent med kvarandre.
- Sorgstøttegruppene blir organisert av diakonane i Den norske kyrkja på Jæren, Sandnes og Sola.